

Styremøte i Sogn og Fjordane Sau og Geit: **TORSDAG 25.02.16 KL. 17.30**

Stad: **Thon Hotel Jølster, Skei**

Til stades: Ragnhild Sæle, Lars Nesse, Ingunn Reme, Jo Risløv, Odd-Jarle Øvreås og Geir Ole Ervik

Saker

Sak 10/16: Skriv frå NSG vedrørende slaktetilskotet.

Me tek dette opp på fagdagen laurdag under lokallagets time. Me deler ut notatet frå NSG i etterkant av årsmøtet. Er det tid etter årsmøtet kan me drøfte saka då.

Sak 11/16: Høyring – årsmøtesekvens NSG – Høyringsfrist 01.03.16

Styret går inn for alt. 2 b: Årsmøte utan repmøte i mars + repmøte i oktober.

Sak 12/16: Gjennomføring av årsmøte - fordeling av oppgåver.

Me fordelte arbeidsoppgåvene.

Sak 13/16: Arbeidsplan 2016

Styremøte etter behov
Jordbrukstingingane 2017
Regionale møte/ leiarsamling. Oktober/november
Geitehelg i slutten av november
Småfesamling i januar
Rovvilt-/beiteutfordringar
Ferdigstilling av filmen om «geitehald i gamle dagar»
Medlemsverving
Opplæring i organisasjonsarbeid i alle ledd

Sak 14/16: Helse og velferd i lamminga.

Det står att 36 000 kr av prosjektet. Jo Risløv tek kontakt med fylkesmannen ved Helen Haaland og spør om me kan bruke dette på temaet helse og velferd i kjeinga og mineralforsynig til sau.

Referent for styret i Sogn og Fjordane Sau og Geit, *Odd-Jarle Øvreås, Sekretær*